

Ungdata-undersøkinga i Austrheim 2013

FAKTA OM UNDERSØKINGA:

- Tidspunkt: Veke 17 (US) /
veke 40 – 44 (VGS)
- Klassetrinn: 8. og 10. klasse + VG2
- Svar: 71 (US) / 61 (VGS)
- Svarprosent: 88 (US) / 71 (VGS)

Nøkkeltal
(vidaregåande skule)


UNGDATA

- **Ungdata** er eit kvalitetssikra system for gjennomføring av lokale spørjeskjemaundersøkingar.
- NOVA og dei regionale kompetansesentra for rusfeltet (KoRus) har det faglege ansvaret for undersøkingane, medan kommunane står for den praktiske gjennomføringa.
- **Ungdata** blir finansiert av Helsedirektoratet, Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet og Justis- og beredskapsdepartementet.
- Alle data som blir samla inn i regi av **Ungdata**, blir lagra i ein nasjonal database som NOVA forvaltar.
- Kvart år lagar NOVA nasjonale tal basert på alle gjennomførte Ungdata-undersøkingar føregåande år.
- Tala som blir vist under merkelappen «Noreg» i denne rapporten, er basert på 101 kommunale undersøkingar gjennomførte i perioden 2010–2012.
- Du finn meir utfyllande informasjon på www.ungdata.no.

FORELDRE OG VENER

DEFINISJONAR:


- Fortruleg ven:
 - Dei som svarar «ja» på spørsmålet: Har du minst ein ven som du kan stole fullstendig på og kan tru deg til om alt?
- Nøgd med venene:
 - Dei som svarar «særs nøgd» eller «litt nøgd» på spørsmålet: Kor nøgd eller misnøgd er du med venene dine?
- Nøgd med foreldra:
 - Dei som svarar «særs nøgd» eller «litt nøgd» på spørsmålet: Kor nøgd eller misnøgd er du med foreldra dine?
- Nøgd med lokalmiljøet:
 - Dei som svarar «særs nøgd» eller «litt nøgd» på spørsmålet: Kor nøgd eller misnøgd er du med lokalmiljøet der du bur?
- God familieøkonomi:
 - Dei som svarar «stort sett god råd» eller «god råd heile tida» på spørsmålet: Har familien din hatt god eller dårleg råd/økonomi dei siste to åra?



SKULE OG FRAMTID

DEFINISJONAR:


- Trivst på skulen:
 - Dei som svarar «særs godt» eller «nokså godt» på spørsmålet: Trivst du på skulen?
- Lekser (minst 30 min.):
 - Dei som svarar «30 minuttar – 1 time» eller meir på spørsmålet: Kor lang tid bruker du gjennomsnittleg per dag på lekser og anna skulearbeid (utanom skuletid)?
- Skulking:
 - Dei som svarar «minst ein gong» på spørsmålet: Har du skulka skulen det siste året?
- Trur dei vil ta høgare utdanning:
 - Dei som svarar «ja» på spørsmålet: Trur du at du vil kome til å ta utdanning på universitet eller høgskule?
- Trur dei vil bli arbeidsledig:
 - Dei som svarer «ja» på spørsmålet: Trur du at du nokon gong vil bli arbeidsledig?



FRITID

DEFINISJONAR:


- **Aktiv i fritidsorganisasjon:**
 - Dei som har vore med på totalt fem eller fleire aktivitetar i følgjande fritidsorganisasjonar siste månad: Idrettslag, motorklub, fritidshus/ ungdomshus, religiøs foreining, korps, kor, orkester, kulturskule/musikkskule og annan organisasjon, lag eller foreining.
- **Ute om kvelden:**
 - Dei som svarar at dei minst to gonger siste veke har «brukt størstedelen av kvelden ute saman med vener/kameratar».
- **Shopping:**
 - Dei som svarar at dei minst to gonger siste veke har «rusla rundt for å sjå eller handle i butikkar».
- **Lønt ekstrajobb:**
 - Dei som svarar at dei minst ein gong siste veke har «hatt lønt ekstrajobb».
- **Dataspel:**
 - Dei som svarar «to timar eller meir» på spørsmålet: Tenk på ein gjennomsnittleg dag. Kor lang tid bruker du på å spele dataspel/TV-spel?
- **Har lese bok:**
 - Dei som svarar «minst ei» på spørsmålet: Kor mange bøker har du lese den siste månaden (ikkje skulebøker)?



HELSE OG TRIVSEL

DEFINISJONAR:


- **Nøgd med helsa:**
 - Dei som svarar «særs nøgd» eller «litt nøgd» på spørsmålet: Kor nøgd eller misnøgd er du med helsa di?
- **Nøgd med utsjånaden:**
 - Dei som svarar «særs nøgd» eller «litt nøgd» på spørsmålet: Kor nøgd eller misnøgd er du med utsjånaden din?
- **Trener kvar veke:**
 - Dei som minst kvar veke deltek i enten idrett og trening på skulen (utanom skuletida), trener eller konkurrerer i eit idrettslag, trener på treningsstudio eller helsestudio, trener eller trimmar på eige hand, dansar (som trening) eller er på kampsport eller sjølvforsvarstrening.
- **Plaga av einsemd:**
 - Dei som svarar «ganske mykje plaga» eller «veldig mykje plaga» på spørsmålet: Har du i løpet av den siste veka vore plaga av einsemd?
- **Depressivt stemningsleie:**
 - Dei som har vore «ganske mykje plaga» eller «veldig mykje plaga» av følgjande ting siste veke: Kjent at alt er eit slit, hatt søvnproblem, følt deg ulukkeleg, trist eller deprimert, kjent håpløys med tanke på framtida, kjent deg stiv eller stressa og bekymra deg for mykje om ting.
- **Mobbing:**
 - Dei som svarar «minst kvar 14. dag» på spørsmålet: Bli du sjølv utsett for plaging, truslar eller utfrysing av andre unge på skulen eller i fritida?



TOBAKK OG RUS

DEFINISJONAR:

- Røykjer:
 - Dei som svarar at dei røykjer «minst kvar veke» på spørsmålet: Røykjer du?
- Snusar:
 - Dei som svarar at dei brukar snus «minst kvar veke» på spørsmålet: Snusar du?
- Drukke seg ruspåverka:
 - Dei som svarar at dei minst ein gong siste 12 månader har «drukke så mykje alkohol at du tydeleg har kjent deg ruspåverka».
- Kan skaffe hasj:
 - Dei som svarar «ja» på spørsmålet: Dersom du ønska å få tak i hasj eller marihuana, trur du at du ville klare å skaffe deg stoffet innan to til tre dagar?
- Brukt hasj/narkotika:
 - Dei som svarar at dei minst ein gong siste 12 månader har «brukt hasj eller marihuana» eller «brukt andre narkotiske stoff».



RISIKOÅTFERD OG VALD

DEFINISJONAR:

- **Nasking:**
 - Dei som minst ein gong siste 12 månader har «tatt med deg varer frå butikk utan å betale».
- **Innbrot:**
 - Dei som minst ein gong siste 12 månader har «brote deg inn for å stele noko».
- **Tagging:**
 - Dei som minst ein gong siste 12 månader har «spraya eller tagga ulovleg på veggjar, bygningar, tog, buss».
- **Slåssing:**
 - Dei som minst to gonger siste 12 månader har «vore i slåsskamp kor du har brukt slag eller spark» og/eller «vore i slåsskamp kor du har brukt våpen».
- **Utsett for truslar om vald:**
 - Dei som minst ein gong siste 12 månader har «vore utsett for truslar om vald».
- **Skada pga. vald:**
 - Dei som minst ein gong siste 12 månader har «fått sår eller skade på grunn av vald utan at eg trengte legebehandling» eller «blitt skada så sterkt på grunn av vald at det kravde legebehandling».

